



**DEN NORSKE KYRKJE**  
**Høyanger Sokneråd**

Dalevegen 4  
R6993 HØYANGER  
Tlf: 57714100  
Kyrkjekontoret 08.01.2020

**Møtebok Høyanger sokneråd**

Møtedato: 10.12.2019

Møtetid: kl. 16:30

Møtested: Høyanger Kyrkjekontor (Møterom)

**Tilstades:**

Vidar Myren, Marit Tonning, Lars Petter Amundrud, Veronica Vågen, Trond Gandrud, May Wenche Fossmark, Runar Matsui-Li.

**Kopi av møteboka går til:**

Reidar Knapstad, Petter Sortland, Kjellaug Ekse Brekkhus, Toril Lange, Gerda Otterstein, Katarina Vattekar, postmottak Høyanger kommune.

**Sakliste**

Godkjenning av innkalling, sakliste og møtebok

Innkalling: godkjend utan merknad. Sakliste: det vart meldt inn to meldingssaker som får nr. 000016 og 000017. Møtebok: Høyanger sokneråd si møtebok 22.10. 2019 vart godkjent utan merknader.

**Meldingssaker**

**000012 Soknepresten har ordet**

Soknepresten las søndagens tekst.

**000013 Rekneskapsrapport**

Rekneskapsrapporten vart gjennomgått på møtet. Soknerådet ønskjer forklaring på 32700 -7500.

**000014 Kurs for fellesrådsmedlemmer 26.02.2020**

Vidar Myren, Veronica Vågen og May Wenche Fossmark deltek på kurset.

**000015 Kyrkjevertar og kyrkjekaffi**

Soknerådet evaluerer ordninga. Soknerådet ønskjer større engasjement i gudstenestene, og satsar på kyrkjevertar og kyrkjekaffi til alle gudstenester. Medlemene stiller sjølv opp i første omgang, og satsar på rekruttering frå frivillige utanfor rådet etterkvart.

**000016 Fellsemøte med Kyrkjebø sokneråd**

Høyanger sokneråd ønskjer eit samarbeid med Kyrkjebø sokneråd om eit felles misjonsprosjekt.

**000017 Salmekveld i Høyanger kyrkje vår og haust**

Høyanger sokneråd ønskjer å få til ein salmekveld i løpet av vinter/vår. Kantor vert kontakta i starten på 2020.

**Vedtaksaker**

**Sak 022/19 ÅRSHJUL 2020 HØYANGER SOKNERÅD**

*Vedtak:*

Årshjulet vart godkjent av Høyanger sokneråd.

### Sak 023/19 GUDSTENESTEPLAN 1. HALVÅR 2020

*Vedtak:*

Høyanger sokneråd tek gudstenesteplanen til etterretning.

### Sak 024/19 KYRKJEVERTAR 1. HALVÅR 2020

*Vedtak:*

Høyanger sokneråd vedtek slik plan for 1. halvår 2020:

Gudsteneste 19.01. kl. 17.00, Vidar Myren  
Gudsteneste 09.02. kl. 11.00 May Wenche Fossmark, tårnagentar og årsmøte  
Gudsteneste 08.03. kl. 17.00 Veronica Vågen, Samtalegudsteneste  
Gudsteneste 05.04. kl. 11.00 Veronica Vågen  
Gudsteneste 10.04. kl. 17.00 ??  
Gudsteneste 12.04. kl. 17.00 Lars Petter Amundrud  
Gudsteneste 03.05. kl. 11.00 Vidar Myren og May Wenche Fossmark, Konfirmasjon  
Gudsteneste 17.05. kl. 10.00 Marit Tønning, Nasjonaldagen  
Gudsteneste 14.06. kl. 11.00 ??

### Sak 025/19 OFFERLISTE 1. HALVÅR 2020

*Vedtak:*

19.01.kl. 17.00 Offer til kyrkjelyden sitt omsorgsarbeid (Diakoni)  
09.02.kl. 11.00 Offer til Alværa Misjonscenter  
08.03.kl. 17.00 Offer til barne og ungdomsarbeid  
05.04.kl. 11.00 Offer til misjonsprosjekt  
10.04.kl. 17.00 Offer til Alværa Misjonscenter  
12.04.kl. 17.00 Offer til eige arbeid, (Diakoni)  
03.05.kl. 11.00 Offer til barne og ungdomsarbeid  
17.05.kl. 10.00 Offer til eige arbeid (Trusopplæring)  
14.06.kl. 11.00 Offer til eige arbeid, (Diakoni)

### Sak 026/19 GJEVARTENESTE TIL KYRKJELYDSARBEID

*Vedtak:*

Høyanger sokneråd vedtok å utsetje saka til neste møte den 14.01.2020. I mellomtida utarbeider leiar i soknerådet forslag til tekstar som kan stå i Helgestunder, og som soknerådet då tek stilling til.

### Sak 027/19 FRAMLEGG TIL BUDSJETT 2020

*Vedtak:*

Høyanger sokneråd vedtek framlegg til budsjett 2020:

#### Utgifter

Forbruksmateriell	3 000
Matvarer	3 000
Tilstelningar	5 500
Annonser	500
<u>Leige av lokaler</u>	<u>3 000</u>
Sum utgifter	15 000

#### Inntekter

Gjevarteneste	10 000
Offer eiga verksemd	5 000
Offer til anna verksemd	5 000
<u>Fasteaksjonen</u>	<u>10 000</u>
Sum inntekter	30 000

## **Sak 028/19 INTENSJONSAVTALE OM HØYANGER BEDEHUS**

### *Vedtak:*

Høyanger sokneråd viser til tidlegare vedtak der soknerådet ønskjer eit kyrkjelydshus. Soknerådet vil ha finansiering på plass før avtala vert underskriven, og ønskjer difor å forlengje fristen for intensjonsavtalen. Høyanger sokneråd ønskjer at kyrkjevevja stiller på møtet den 14.01.2020.

## **Sak 029/19 MØTEPLAN FOR 2020**

### *Vedtak:*

Første møte 14.01.2020

Andre møte 04.02.2020

Årsmøtet vert 09.02.2020

Høyanger sokneråd vedtek forslag til møtedatoar, samt at AU finn møtedatoar for resten av året.

For Høyanger sokneråd

Soknerådsleiar May Wenche Fossmark, referent

Sekretær Bjørnar Otterstein